



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)

[kyrkjekontoret@aukra.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

Org.nr.: 976 997 654

## **Innkalling til mte**

**Utval:** Aukra sokne- og fellestråd (SFR)  
**Mtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Mtetid:** Kl. 18.05 – 20.25  
**Mtestad:** Mterommet p Kyrkjelydshuset

### **Innkalla medlemmar i sokne- og fellestrådet:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Per Arne Rindary, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Kari Margrete Fanghol, Anne Berit Oterhals Skrede, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

### **Kopi til varamedlemmar:**

Rune Vgy, Edvin Magne Nyb, Janne Wie, Gunnar Kolflth, Knut Oterhals, Odd Jrgen Nilsen og Grethe Lystad Johnsen.

*Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post [max.mork@aukra.kommune.no](mailto:max.mork@aukra.kommune.no).*

*Varamedlemmar fr innkallinga til orientering, men treng berre å mte ved nrre innkalling.*

## **SAKLISTE**

### **Opning**

**Sak 21/24 GODKJENNING AV:**

- A. Innkalling
- B. Sakliste
- C. Referat fr mte 07.03.2024

**Sak 22/24** Revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR – utsett sak (FR-sak)

**Sak 23/24** Økonomirapport for SFR pr. 31.03.24 (SFR-sak)

**Sak 24/24** Personalsituasjonen – evt. samarbeid med Molde kyrkjelege fellestråd (FR-sak)

**Sak 25/24** Beskjering av tre ved kyrkja – utsett sak (FR-sak)

**Sak 26/24** Endringar i gudsteneplanen (SR-sak)

**Sak 27/24** Strategidagen 06.04.24 – oppsummering og vidare prosess (SR-sak)

**Sak 28/24** Hyring – Kulturplan for Aukra kommune 2024-2027 (SR-sak)

**Sak 29/24** Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)

**Sak 29/24-1** Fasteaksjonen i Aukra 17. mars 2024 - oppsummering

**Sak 29/24-3** Konserten «Sanger fra vest» i Aukra kyrkje 28.04.24

**Sak 29/24-4** Julekonsert med SKRUK i Aukra kyrkje 07.12.24

**Sak 29/24-5** Hyringsuttale – tilskot til kulturhistorisk viktige kyrkjer

**Sak 29/24-6** Hyringsuttale – revisjon av prostigrensar i Mre bispedme

**Sak 29/24-7** Val av ny kommunal representant til Aukra fellestråd

**Sak 29/24-8** Referat fr mte i AU 02.04.2024

**Sak 30/24** Eventuelt

Aukra 11.04.2024

Erlend Melby

Leiar (sign)

Max Ingar Mrk  
Fung. kyrkjeverje



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

## **MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

**Møtedato:** Torsdag 7. mars 2024

**Møtetid:** Kl. 18.05 – 20.25

**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

### **Desse medlemmane og varamedlemmane møtte:**

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Kari Margrete Fanghol, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (9).

**Forfall:** Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem og Anne Berit Oterhals Skrede.

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

Berit Cesilie Huse opplyste at Lisbeth Nikolaisen Skomsø hadde trekt seg frå vervet som kommunal representant, og at ho var vald som ny fast representant og Odd Jørgen Nilsen som ny vara.

**Opning:** Max Ingar opna med å lese Jesaja 58, 5-8 om den rette faste. Deretter las han songteksten «Se mørket vinner aldri over lyset» av Sindre Skeie.

### **Sak 10/24 GODKJENNING AV:**

#### **A. Innkalling**

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

#### **B. Sakliste**

Saklista blei godkjent. Følgjande saker blei meldt inn under eventuelt:

1. Konsert med Husorkesteret i domkyrkja
2. Betaling for vask og stryking av dukar ved utleige av Kyrkjelydshuset
3. Gullkonfirmantane 2024 – dato for markering og brev med informasjon
4. Fasteaksjonen 2024
5. Strategidagen 6. april 2024

#### **C. Referat frå møte 18.01.2024**

Referatet blei godkjent utan merknadar

#### **D. Referat frå ekstramøte 29.01.2024**

Referatet blei godkjent utan merknadar

### **Sak 11/24 Revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR**

SFR drøfta det framlagte forslaget. Hans Kristian Furnes etterlyste eit punkt om kyrkjeverja sitt HMS-ansvar. SFR vedtok da å utsette saka og be Hans Kristian om å legge fram forslag til eit slikt punkt til neste møte.

**Vedtak:**

Saka utsettast til neste møte. SFR bed Hans Kristian Furnes om å legge fram forslag til eit punkt om kyrkjeverja sitt HMS-ansvar.

**Sak 12/24      Rekneskap for Aukra SFR 2023**

Etter ein runde med spørsmål og oppklaring av ulike postar, gjorde SFR slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra SFR godkjenner rekneskapen for 2023 som framlagt i saka.

**Sak 13/24      Godkjenning av arbeidsavtale med Nils Lykkeslet Sæther**

SFR drøfta om avtalen var ein oppdragsavtale eller arbeidsavtale. Det blei konkludert med at Sæther var å rekne som arbeidstakar på same måte som ein sommarvikar eller ekstrahjelp.

Ettersom kyrkjeverjestillinga er unormert, blei punktet om tariff løn endra til «løn etter avtale». Leiar fekk fullmakt til å inngå endeleg avtale og fastsette løn.

**Vedtak:**

SFR godkjenner forslaget til arbeidsavtale med Nils Lykkeslet Sæther med dei endringar som framkom i møtet. Rådsleiar får fullmakt til å inngå endeleg avtale.

Avtalen gjeld inntil ein av partane seier han opp eller ønskjer å endre han.

**Sak 14/24      Personalsituasjonen – status og vidare prosess**

Rådsleiar gav først ei munnleg orientering om status for kyrkjeverjestillinga. Orienteringa er unntakeke offentlegheit, jf. off.lova § 13.

SFR drøfta deretter den vidare prosessen for rekruttering av ny kantor og trusopplærar. Her kom det mellom anna fram følgjande synspunkt:

- Ein må våge å tenke nytt. Aukra sokn er for lite til å kunne tilby fulle stillingar, og med få tilsette blir ein svært sårbar. Samtidig er det viktig å ha faste folk og faste opningstider på kyrjekontoret i Aukra.
- Valet står mellom å lyse ut Aukra sine stillingar isolert eller inngå samarbeid med nabokommunane for å få større og helst fulle stillingar.
- Fleire kommunar slit med personalrekruttering. Kyrkjeverja i Molde har teke initiativ til eit møte med alle kommunane i Romsdal for å drøfte moglege samarbeidsformer (sjå sak 19/24-3). Samarbeidet kan være på ulike nivå, frå rådgjeving og hjelp til einskildtenester til meir varig og breitt samarbeid om fellestrådsoppgåver.
- Ein kan tenke seg ulike kombinasjonar og løysingar, som t.d. at Molde tek administrative fellestrådsoppgåver som budsjett, økonomi og personalsaker, medan Aukra t.d. kan få ein kombinert dagleg leiar/kyrkjelydssekretær og trusopplærar. Når det gjeld kantor kan ein kan hende få til full stilling ved å samarbeide med Molde eller Hustadvika.
- Prosessen med å overføre Sandøya og Ona til Aukra kan også gi nye moglegheiter.

**Vedtak:**

Aukra SFR vil vente med å lyse ut stillingane som kantor og trusopplærar til etter møtet med kyrkjeverja i Molde om moglege samarbeid mellom fellestråda i Romsdal.

- Sak 15/24 Eventuell endring av dag for tysdagskafeen**  
Kari Fanghol orienterte om bakgrunnen for saka. Utfordringa er å koordinere gravferder, minnesamvære, tysdagskafé, kvardagsmesser og stabsmøte slik at dei ikkje kjem i vegen for kvarandre. For presten vil det vere vanskeleg å flytte gravferdene til onsdagar. Det har derimot ikkje kome innvendingar mot å flytte kafeen til onsdagar, korkje frå dugnadsgjengen eller dei faste deltakarane. Det neste spørsmålet var om ein skulle gjere endringa allereie i vår eller vente til etter sommaren. Etter drøftingar fremma Kristian følgjande forslag som blei samrøystes vedteke:
- Vedtak:**  
Kafeen blir flytta til onsdagar så snart som mogeleg og fram til sommaren. Erfaringane med dette gir grunnlag for å evaluere ordninga etter sommaren.
- Sak 16/24 Beskjering av tre ved kyrkja**
- Vedtak:**  
Saka utsettast til neste møte.
- Sak 17/24 Høyring – Revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme**
- Vedtak:**  
AU får fullmakt til å gi høyringsuttale på vegner av SFR.
- Sak 18/24 Høyring – Forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg**
- Vedtak:**  
AU får fullmakt til å gi høyringsuttale på vegner av SFR.
- Sak 19/24 Referat- og orienteringssaker**
- Sak 19/24-1 Notat etter misjonsbasaren 2. februar 2024**  
SFR var svært nøgd med Svein Løwes grundige oppsummeringa av misjonsbasaren. Dokumentet leggest ved årshjulet. SFR merkar seg punktet om at basaren for framtida må førebuast i god tid og at ein må jobbe meir med kunngjering, m.a. i gudstenestene.
- Sak 19/24-2 Notat etter grautsal på feitetysdag 13. februar 2024**  
Notata om feitetysdag og misjonsbasaren blei behandla under eitt, og SFR har tilsvarende kommentar som ovanfor til begge.
- Sak 19/24-3 Orientering om eventuelt samarbeid med Molde og Hustadvika KF**  
Rådsleiar orienterte om at kyrkjeverja i Molde har teke initiativ til eit møte med alle fellesråda i Romsdal for å drøfte mogeleg samarbeidsformer mellom fellesråda i regionen. Møtet vil bli halde etter påske.
- Sak 19/24-4 Referat frå møte i AU 15.02.2024**  
Referatet blei teke til vitande.
- Sak 20/24 Eventuelt**
- Sak 20/24-1 Konsert med Husorkesteret i domkyrkja**  
Husorkesteret i domkyrkja har kome med tilbod om å halde konserten «Sanger fra vest» i Aukra kyrkje søndag kveld 28. april. Orkesteret skal

ikkje ha honorar, men føreslår ein frivillig kollekt til dekking av m.a. reisekostnader. Eventuelt overskot går til kyrkjelyden.

**Vedtak:**

Aukra SFR tek imot tilbodet frå Husorkesteret i domkyrkja om konserten «Sanger fra vest» i Aukra kyrkje søndag kveld 28. april. Det blir teke opp ein kollekt m.a. til dekking av utgifter.

**Sak 20/24-2 Betaling for vask og stryking av dukar ved utleige av Kyrkjelydshuset**

Kari Fanghol orienterte. Det har sidan nyttår vore teke kr. 500 for vask og stryking av dukar i samband med minnesamvære og annan utleige av Kyrkjelydshuset. Pengane går til å betale den som utfører arbeidet. Det viser seg at nesten alle leigetakarar brukar huset sine dukar. Dugnadsgjengen ønskjer derfor å auke utleigesatsen med kr. 500 i staden for å spesifisere beløpet for kvar gong.

**Vedtak:**

Aukra SFR vedtek at dei faste utleigesatsane for Kyrkjelydshuset blir auka med kr. 500 for vask og stryking av dukar. Beløpet går til å betale den som utfører arbeidet.

**Sak 20/24-3 Gullkonfirmantane 2024 – dato for markering og brev med informasjon**

Kristian orienterte om at gullkonfirmantane (50-årsjubileums-konfirmantane) ønskjer å delta i gudstenesta 26. mai. Etter tradisjonen skal det da vere kyrkjekaffi med servering av sodd i regi av soknerådet. Kyrkjekaffien er open for alle.

**Vedtak:**

Prest og kyrkjeverje sender brev til kontaktperson Kari Løvik Reset med invitasjon og informasjon om Gullkonfirmantane 2024.

**Sak 20/24-4 Fasteaksjonen**

Tradisjonelt er det kontaktpersonen til Kirkens Nødhjelp som organiserer aksjonen. Sidan det førebels ikkje er vald kontaktperson, har rådsleiar teke på seg organiseringa i samarbeid med soknepresten. Materiell er bestilt og mottatt. Konfirmantane blir orientert og hjelper til å ordne bøsser og materiell på samlinga 14. mars. Aksjonsdagen er 17. mars. Kyrkjeverja finn fram rodekarta i arkivet.

**Sak 20/24-1 Strategidagen 6. april**

Strategidagen blir 6. april kl. 09.00 – 15.00 på Mevoldtunet. Lokale er bestilt. Rådsleiar arbeider med forslag til program.

**Vedtak:**

Kyrkjeverja sender ut invitasjon til deltakarane slik at dei er godt orientert og førebudd på strategidagen.

Aukra 07.03.2024

Erlend Melby  
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk  
Fung. kyrkjeverje



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 22/24 Revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR – utsett sak**

Forslag til revisjon av delegasjonsreglement for Aukra SFR blei lagt fram i møte 07.03.24 – sak 11/24. SFR slutta seg til forslaget, men vedtok å utsette saka for å få inn eit punkt om kyrkjeverja sitt ansvar for arbeidsmiljø og HMS. Hans Kristian Furnes tok på seg å legge fram forslag til eit slikt punkt til neste møte.

Hans Kristian har kome med følgjande forslag til tekst:

Kirkevergen skal være kjent med oppdaterte krav i internkontrollforskrift og tilhørende regelverk. Det er spesielt viktig at ansattes helse, miljø og sikkerhet (HMS) blir godt ivaretatt gjennom systematisk og målretta arbeid. Dette er kirkevergens ansvar, men det er samtidig viktig å understreke at ansatte har medvirkningsplikt i HMS arbeidet.

Det vises til Arbeidsmiljøloven kapittel 2. Arbeidsgivers og arbeidstakers plikter, Internkontrollforskriften og til Håndbok for menighetsråd og fellesråd kapittel 6.17

Frå bispedømekontoret har ein også blitt gjort merksam på at fellesrådet som den største arbeidsgivaren i soknet har ansvar for å samordne HMS-arbeidet når andre enn arbeidsgivers egne tilsette utfører arbeidsoppgåver i tilknytning til arbeidsgivers aktivitet. I vår samheng gjeld det presten, som er tilsett av bispedømerådet. Samordning av HMS-arbeidet for bispedømeråd og kyrkjeleg fellesråd er regulert i ein eigen samordningsavtale. Det er naturleg at dette ansvaret delegerast frå fellesrådet til kyrkjeverja.

Ein vil tilrå at desse punkta blir samla i eit nytt punkt 7 om arbeidsmiljø og internkontroll. Tidlegare punkt 7 og 8 blir da nytt punkt 8 og 9.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra SFR vedtek det framlagte forslaget til revidert delegasjonsreglement med tillegg av eit nytt punkt 7 om arbeidsmiljø og internkontroll med følgjande tekst:

«Kyrkjeverja skal være kjent med oppdaterte krav i internkontrollforskrifta og tilhøyrande regelverk. Det er spesielt viktig at dei tilsette si helse, miljø og sikkerheit (HMS) blir godt ivareteke gjennom systematisk og målretta arbeid. Dette er kyrkjeverja sitt ansvar, men det er samtidig viktig å understreke at dei tilsette har medverkingsplikt i HMS arbeidet.

Som representant for den største arbeidsgivaren har kyrkjeverja også ansvar for å samordne HMS-arbeidet for alle som arbeider i soknet i medhald av samarbeidsavtalen mellom bispedømeråd og kyrkjeleg fellestråd, jf. Arbeidsmiljøloven § 2-2.

Det visast elles til *Arbeidsmiljøloven kapittel 2 Arbeidsgivers og arbeidstakers plikter, Internkontrollforskriften og Håndbok for menighetsråd og fellestråd kapittel 6.17.»*

Tidlegare punkt 7 og 8 i reglementet blir da nytt punkt 8 og 9.

Reglementet gjerast gjeldande frå vedtak i SFR og skal evaluerast innan utgangen av kvar valperiode. SFR kan til ei kvar tid gjere endringar i reglementet.



# Delegasjonsreglement

Vedteke av Aukra sokne- og fellesråd 18.04.2024, sak 22/24.

## INNHALD

---

1	Bakgrunn og mandat .....	2
2	Generelt om kyrkjeverja si utøving av delegert mynde .....	2
2.1	Dagleg forvaltning .....	2
2.2	Prinsippaker .....	2
2.3	Utøving av mynde.....	2
2.4	Klagesaker.....	2
2.5	Mynde kan trekkast attende .....	2
2.6	Vidaredelegering av mynde.....	2
2.7	Ansvar innanfor retningsliner .....	2
3	Økonomiforvaltning.....	3
3.1	Tilvisingsmynde .....	3
3.2	Fullmakt til å gjere budsjettjusteringar .....	3
3.3	Avgjere spørsmål .....	3
4	Personalforvaltning .....	3
4.1	Arbeidsgjevarrepresentant.....	3
4.2	Permisjonar .....	3
4.3	Tilsettingar.....	3
5	Eigedomssaker.....	3
5.1	Eigedomsforvaltning.....	3
5.2	Kyrkjeinventar .....	3
6	Gravplassforvaltinga.....	3
7	Arbeidsmiljø og internkontroll .....	4
8	Arbeidsutval og rådsleiar sitt mynde.....	4
9	Generelt.....	4
9.1	Fortolking.....	4
9.2	Endring.....	4
9.3	Varigheit / Evaluering .....	4

# 1 BAKGRUNN OG MANDAT

---

Delegasjonsreglementet er heimla i *Forskrift om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* § 10 nr. 2 der det heiter:

«Menighetsrådet/kirkelig fellesråd fastsetter i særskilt delegasjonsreglement hvilken myndighet som er tildelt rådets leder, daglig leder, arbeidsutvalget og partssammensatt utvalg.»

Vidare fastset *Kirkeordningen* § 16 kva mynde kyrkjeleg fellesråd kan gi til leiar og/eller arbeidsutval:

«Kirkelig fellesråd kan gi lederen eller et arbeidsutvalg bestående av lederen og minst to av rådets øvrige medlemmer fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt, skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.»

## 2 GENERELT OM KYRKJEVERJA SI UTØVING AV DELEGERT MYNDE

---

### 2.1 DAGLEG FORVALTING

Aukra sokne- og fellesråd (SFR) gir kyrkjeverja mynde til å utøve dagleg forvalting og leiing av verksemda i SFR i samsvar med vedtekte planar og budsjett. Dette inneber at kyrkjeverja har fullmakt til å ta avgjerder i saker som ikkje er av prinsipiell art.

### 2.2 PRINSIPPSAKER

Prinsippsaker og saker som er spesielt viktige skal alltid leggast frem for SFR for vedtak.

### 2.3 UTØVING AV MYNDE

All utøving av mynde skjer på vegner av SFR, som har ansvaret, og skal utøvast i samsvar med lovar, reglar, og retningslinjer som er gjevne av SFR.

### 2.4 KLAGESAKER

Einskildvedtak som kyrkjeverja har gjort kan klagast inn for SFR.

### 2.5 MYNDE KAN TREKKAST ATTENDE

Delegert mynde kan til ei kvar tid trekkast attende og delegerande organ kan sjølv avgjere saka. Delegerande organ kan overprøve og gjere om vedtak i underordna organ innanfor § 35 i Forvaltingslova.

### 2.6 VIDAREDELEGERING AV MYNDE

Mynde som er delegert til kyrkjeverja, kan kyrkjeverja delegere vidare så langt det er lovleg og ikkje anna er vedteke. Er kyrkjeverja inhabil etter forvaltingslova § 6, skal kyrkjeverja sitt mynde utøvast av leiaren i kyrkjeleg fellesråd.

### 2.7 ANSVAR INNANFOR RETNINGSLINER

Kyrkjeverja skal utøve sitt delegerte ansvar innanfor retningslinene som overordna instansar har sett for økonomiforvalting og anna verksemd. Det er kyrkjeverja sitt ansvar at vedtak blir fatta med bakgrunn i rett heimel.

## 3 ØKONOMIFORVALTING

---

### 3.1 TILVISINGSMYNDE

Kyrkjeverja har tilvisingsmynde for dei midlane som er stilte til disposisjon for SFR.

### 3.2 FULLMAKT TIL Å GJERE BUDSJETTJUSTERINGAR

Kyrkjeverja har i budsjettåret fullmakt til å gjere justeringar i budsjettet til SFR innanfor desse rammene:

- disponere ekstratildelingar som følgje av lønsjusteringar
- disponere meirinntekter som følgje av inntekter t.d. ved sal, permisjonar og arbeidsmarknadstiltak.
- disponere unytta midlar mot slutten av budsjettåret i samsvar med SFR sine prioriteringar.

### 3.3 AVGJERE SPØRSMÅL

Kyrkjeverja avgjer spørsmål knytt til økonomiforvaltinga i samsvar med fastsette reglar og retningslinjer.

## 4 PERSONALFORVALTING

---

### 4.1 ARBEIDSGJEVARREPRESENTANT

Kyrkjeverja er til dagleg arbeidsgjevarrepresentant etter *Hovedavtalen*. Kyrkjeverja representerer kyrkjeleg fellesråd i kontaktmøte med arbeidstakarorganisasjonane.

### 4.2 PERMISJONAR

Kyrkjeverja gir permisjonar i samsvar med gjeldande permisjonsreglement.

### 4.3 TILSETTINGAR

Kyrkjeverja tilset vikarar i samsvar med gjeldande tilsettingsreglement.

## 5 EIGEDOMSSAKER

---

### 5.1 EIGEDOMSFORVALTING

Kyrkjeverja opptre med full eigedomsrett i saker knytt til eigedomar tilhøyrande Den norske kyrkja (Dnk) i soknet, som til dømes å representere kyrkja i oppmålingssaker, eigedomssaker andsynes nabo og tvistesaker. Kyrkjeverja underteiknar skøyte, festekontraktar osv. på vegner av SFR. Ved eventuelt sal av eigedom skal kyrkjeleg fellesråd behandle saka før skøytet blir underskrive.

### 5.2 KYRKJEINVENTAR

Ved mindre anskaffingar/avhendingar av kyrkjeinventar etter § 20 i kyrkjeordninga, kan kyrkjeverja sende direkte søknad til Møre biskop for godkjenning.

## 6 GRAVPLASSFORVALTINGA

---

Kyrkjeverja er dagleg ansvarshavande og utøver mynde som er lagt til kyrkjeleg fellesråd etter *Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd — gravplassloven og Forskrift til gravplassloven*.

## 7 ARBEIDSMILJØ OG INTERNKONTROLL

---

Kyrkjeverja skal være kjent med oppdaterte krav i internkontrollforskrifta og tilhøyrande regelverk. Det er spesielt viktig at dei tilsette si helse, miljø og sikkerheit (HMS) blir godt ivareteke gjennom systematisk og målretta arbeid. Dette er kyrkjeverja sitt ansvar, men det er samtidig viktig å understreke at dei tilsette har medverkningsplikt i HMS arbeidet.

Som representant for den største arbeidsgivaren har kyrkjeverja også ansvar for å samordne HMS-arbeidet for alle som arbeider i soknet i medhald av samarbeidsavtalen mellom bispedømeråd og kyrkjeleg fellelsråd, jf. Arbeidsmiljøloven § 2-2.

Det visast elles til *Arbeidsmiljøloven kapittel 2 Arbeidsgivers og arbeidstakers plikter, Internkontrollforskriften* og til *Håndbok for menighetsråd og fellelsråd kapittel 6.17*.

## 8 ARBEIDSUTVAL OG RÅDSLEIAR SITT MYNDE

---

Arbeidsutvalet (AU) består av leiar, nestleiar og geistleg representant i SFR.

AU og kyrkjeverje saman er delegert følgjande oppgåver og mynde:

- Førebu saker som skal behandlast i SFR
- Ta avgjerd i saker som bør avgjerast før SFR kan samlast i møte
- Ta avgjerd i mindre, laupande saker av ikkje prinsipiell art som ikkje har vesentlege økonomiske eller praktiske konsekvensar
- Handsame andre saker som kyrkjeverja legg fram for AU
- Handsame saker som AU tek opp av eige tiltak

Leiar og kyrkjeverje saman kan ta avgjerd i saker som nemnt ovanfor og som bør avgjerast før AU kan samlast i møte.

Dersom kyrkjeverja er forhindra i å møte og saka hastar, kan AU eller leiar ta avgjerda aleine.

Avgjerder som AU eller leiar tek etter reglane ovanfor, skal refererast i første møte i SFR etter at avgjerdene er tekne.

## 9 GENERELT

---

### 9.1 FORTOLKING

Dersom det er grunn til tvil om ei sak kan behandlast administrativt med heimel i delegasjonsreglementet, skal saka leggest fram for SFR.

### 9.2 ENDRING

Endring av reglementet kan berre gjerast av SFR.

### 9.3 VARIGHEIT / EVALUERING

Reglementet gjerast gjeldande frå vedtak i SFR og skal evaluerast innan utgangen av kvar valperiode. SFR kan til ei kvar tid gjere endringar i reglementet.



## SAKSUTGREIING

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### Sak 23/24 Økonomirapport for SFR pr. 31.03.24

Økonomirapporten etter 1. kvartal 2024 viser følgjande hovudtal:

Hovudpost	Forbruk pr. 31.03.24	Årsbudsjett	Prosentvis forbruk
1000 Administrasjon	423 556	1 839 000	23,0 %
2000 Kyrkja	246 675	1 343 000	18,4 %
2100 Kyrkjeleg aktivitet	2 339	78 000	3,0 %
3000 Kyrkjegarden	143 675	529 000	27,2 %
4000 Kyrkjelydshus	63 995	111 000	57,7 %
<b>Sum</b>	<b>880 240</b>	<b>3 900 000</b>	<b>22,6 %</b>

Til saman er det brukt 22,6 prosent av årsbudsjettet i første kvartal. Dei einskilde hovudpostane viser større variasjon, men så tidleg i året er det fleire større inntekter som ikkje har kome inn, særleg trusopplæringstilskot og festeavgifter. Budsjettet er heller ikkje periodisert slik at ein kan sjå kor stor del av dei einskilde underpostane som er brukt.

Likviditeten pr. 01.04.24 er god, men sluttoppgjjer, ferdigstilling og etterarbeid for sprinklaranlegget i kyrkja vil redusere kapitalen med kr. 350 – 400 000. Ein reknar likevel med å ha nok midlar til planlagt vedlikehald av vindauga i kyrkja i 2024.

Nokre kommentarar:

Hovudpost 1000 Administrasjon:	Her er ein månads tilskot frå kommunen ikkje ført. På den andre sida er det ikkje ført ut husleige til Kyrkjelydshuset.
Hovudpost 2000 Kyrkja:	Rekneskapan viser relativt mindreforbruk. Hovudårsaka er manglande fast tilsett kontor.
Hovudpost 2100 Kyrkjeleg aktivitet utan komm. tilskot:	Forbruket så langt er lite pga. manglande trusopplærar. Tilskot frå kyrkja sentralt til trusopplæring manglar førebels.
Hovudpost 3000 Kyrkjegarden:	Posten er relativt sett i balanse. Utsending av festeavgifter vil gi auka inntekt, medan sommardrifta vil gi auka kostnad.
Hovudpost 4000 Kyrkjelydshus:	Her manglar husleigeinntektene frå kontor- og driftsavdeling. Ved å justere for dette, er forbruket i 1. kvartal kring 15 %.

### Forslag til vedtak:

Aukra SFR tek økonomirapporten pr. 31.03.24 til vitande.

## Økonomirapport Aukra Sokn

### 1000 Administrasjon

ALLE	Regnskap 33 129	Budsjett inkl. endring 0	Avvik i NOK 33 129	Regnskap 633 603	Budsjett inkl. endring 0	Avvik i NOK 633 603
1000 Administrasjon	-423 556	0	-423 556	-1 675 584	-1 839 000	163 416
30100 Løn i faste stillingar	4 914	0	4 914	459 104	600 000	-140 896
30104 Søn- og helgedagstillegg	242	0	242	775	0	775
30200 Vikarløner	81 094	0	81 094	306 809	0	306 809
30300 Ekstrahjelp	2 141	0	2 141	0	0	0
30504 Honorar	0	0	0	20 000	0	20 000
30800 Godtgjersle folkevalte	0	0	0	49 000	50 000	-1 000
30900 Pensjonsutgifter	818	0	818	87 824	96 000	-8 176
30902 Gr./ulykkesfors. avg. pliktig	0	0	0	830	2 000	-1 170
30990 Arbeidsgjevaravgift	9 456	0	9 456	78 613	80 000	-1 387
31000 Kontorutgifter	162	0	162	29 796	35 000	-5 204
31150 Matvarer/bevertning	0	0	0	9 102	8 000	1 102
31200 Anna forbruksmateriell	0	0	0	23 643	4 000	19 643
31204 Eigne arrangement	0	0	0	6 773	0	6 773
31300 Post, bank, telefoni og datalinjer	1 163	0	1 163	7 204	4 000	3 204
31301 Porto	0	0	0	12 470	1 000	11 470
31302 Telefon	1 494	0	1 494	3 951	8 000	-4 049
31400 Annonser, reklame, informasjo...	0	0	0	809	10 000	-9 191
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	3 450	0	3 450	730	10 000	-9 270
31550 Reiseutgifter, opplæring (ikke ...	0	0	0	0	2 000	-2 000
31601 Bilgodtgjering	4 184	0	4 184	19 487	3 000	16 487
31702 Utlegg	0	0	0	3 163	0	3 163
31850 Forsikringar/Brannvarsling	12 792	0	12 792	650	6 000	-5 350
31900 Leige av lokaler og grunn/fest...	0	0	0	350 000	350 000	0
31950 Avgifter, gebyrer og lisenser	23 844	0	23 844	25 869	0	25 869
31952 Kopieringsavtale	0	0	0	14 212	0	14 212
31953 Kontingent	26 058	0	26 058	28 556	0	28 556
31955 Purregebyr	743	0	743	544	0	544
32000 Inventar og utstyr	8 968	0	8 968	50 701	14 000	36 701
32001 Dataprogram	0	0	0	24 636	20 000	4 636
32200 Kjøp/leie/leasing maskine	4 901	0	4 901	11 784	25 000	-13 216
32400 Service-/driftsavt. og rep.	8 018	0	8 018	17 252	0	17 252
32700 Konulentenester/kjøpte tenest...	0	0	0	200 798	100 000	100 798
34290 Mva. generell kompensasjonso...	8 362	0	8 362	78 069	50 000	28 069
35000 Renteutgifter	0	0	0	70	0	70
35001 Forseinkingsrenter	0	0	0	800	0	800
37100 Refusjon sjukepengar	0	0	0	-222 699	0	-222 699
37290 Mva på anskaffelsar utg.ført i ...	-8 362	0	-8 362	-78 069	-50 000	-28 069
38050 Tilskot frå Den Norske Kyrkje	0	0	0	-27 483	0	-27 483
38300 Tilskot frå kommunen/ kommu...	-618 000	0	-618 000	-3 267 000	-3 267 000	0
39050 Utbytte	0	0	0	-4 357	0	-4 357
2000 Kyrkja, KL §15	246 675	0	246 675	1 366 683	1 343 000	23 683
2100 Kyrkjeleg aktivitet utan kommu...	2 339	0	2 339	89 689	78 000	11 689
3000 Kyrkjegarden	143 675	0	143 675	570 282	529 000	41 282
4000 Kyrkjelydshus	63 995	0	63 995	282 534	-111 000	393 534

# Økonomirapport Aukra Sokn

## 2000 Kyrkja

ALLE	Regnskap 33 129	Budsjett inkl. endring 0	Avvik i NOK 33 129	Regnskap 633 603	Budsjett inkl. endring 0	Avvik i NOK 633 603
1000 Administrasjon	-423 556	0	-423 556	-1 675 584	-1 839 000	163 416
<b>2000 Kyrkja, KL §15</b>	<b>246 675</b>	<b>0</b>	<b>246 675</b>	<b>1 366 683</b>	<b>1 343 000</b>	<b>23 683</b>
30100 Løn i faste stillingar	43 100	0	43 100	491 427	502 000	-10 573
30104 Søn- og helgedagstillegg	22 369	0	22 369	45 350	80 000	-34 650
30200 Vikarløner	24 495	0	24 495	20 743	50 000	-29 257
30300 Ekstrahjelp	9 342	0	9 342	55 626	48 000	7 626
30400 Overtid	0	0	0	5 784	0	5 784
30504 Honorar	0	0	0	2 000	0	2 000
30900 Pensjonsutgifter	5 532	0	5 532	111 560	91 000	20 560
30902 Gr./ulykkesfors. avg. pliktig	56	0	56	974	0	974
30990 Arbeidsgjevaravgift	11 119	0	11 119	77 602	80 000	-2 398
31000 Kontorutgifter	0	0	0	533	5 000	-4 467
31001 Kyrkjemusikk/noter	0	0	0	727	0	727
31050 Dåpsopplæring/konfirmant	0	0	0	4 200	150 000	-145 800
31100 Aktivitetsrelatert Forbruksmat...	2 006	0	2 006	1 528	10 000	-8 472
31101 Kyrkjemusikk/noter	0	0	0	2 044	1 000	1 044
31150 Matvarer/bevertning	791	0	791	15 971	25 000	-9 029
31200 Anna forbruksmateriell	7 634	0	7 634	22 625	20 000	2 625
31204 Eigne arrangement	0	0	0	0	10 000	-10 000
31300 Post, bank, telefoni og datalinjer	0	0	0	2 556	0	2 556
31301 Porto	5 018	0	5 018	0	0	0
31400 Annonser, reklame, Informasjo...	32 387	0	32 387	21 905	0	21 905
31401 Annonsering	0	0	0	3 566	20 000	-16 434
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	0	0	0	0	5 000	-5 000
31600 Kostgodtgjersle	0	0	0	0	2 000	-2 000
31601 Bilgodtgjering	1 890	0	1 890	158	2 000	-1 843
31702 Utleigg	741	0	741	78	0	78
31800 Straum/energi	22 104	0	22 104	80 918	100 000	-19 082
31850 Forsikringar/Brannvarsling	0	0	0	108 228	45 000	63 228
31950 Avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0	4 253	0	4 253
31951 Offentlege avgifter - kommuna...	4 274	0	4 274	4 437	8 000	-3 563
31952 Kopieringsavtale	0	0	0	0	8 000	-8 000
31953 Kontingent	0	0	0	3 045	3 000	45
31955 Purregebyr	0	0	0	118	0	118
32000 Inventar og utstyr	25 791	0	25 791	30 922	20 000	10 922
32300 Vedlikehald og byggtjenester, n...	13 910	0	13 910	44 228	44 000	228
32400 Service-/driftsavt. og rep.	0	0	0	0	15 000	-15 000
32500 Materialer til vedlikehald	0	0	0	9 368	0	9 368
32600 Reinhold, vaskeri og vaktmest...	0	0	0	0	4 000	-4 000
32650 Vakhald og vektertjenester, al...	13 708	0	13 708	8 278	20 000	-11 722
32700 Konulentenester/kjøpte tenest...	43 080	0	43 080	43 604	0	43 604
32701 Konsulenttenester/musikerten...	0	0	0	15 479	16 000	-521
34290 Mva. generell kompensasjonso...	31 498	0	31 498	60 888	80 000	-19 112
34650 Utbetaling ofringar til andre org.	0	0	0	120 372	150 000	-29 628
35001 Forseinkingsrenter	0	0	0	29	0	29
35500 Avsetting til bundne fond	0	0	0	4 800	0	4 800
35900 Avskrivningar	0	0	0	163 508	165 000	-1 492
36100 Bet.frå deltakarar	0	0	0	-12 596	-3 000	-9 596
36101 Eigendel konfirmantar	0	0	0	-14 500	-15 000	500
36290 Billettinntekter	0	0	0	-5 305	-10 000	4 695
36300 Husleige	-1 005	0	-1 005	-2 245	-3 000	755
37100 Refusjon sjukepengar	0	0	0	-1 841	0	-1 841
37290 Mva på anskaffelsar utg.ført i ...	-31 498	0	-31 498	-60 888	-80 000	19 112
38000 Tilskot frå staten/statlege insti...	0	0	0	-9 733	0	-9 733
38600 Ofringar til eige arbeid	0	0	0	-6 625	-10 000	3 375
38650 Ofringar til andre org.	-46 725	0	-46 725	-114 575	-150 000	35 425
38700 Tilskot/gåver frå andre	-500	0	-500	0	0	0
39900 Motpost avskrivningar	0	0	0	0	-165 000	165 000
52100100 Eigenkapital KLP	5 559	0	5 559	5 559	0	5 559
2100 Kyrkjeleg aktivitet utan kommu...	2 339	0	2 339	89 689	78 000	11 689
3000 Kyrkjegarden	143 675	0	143 675	570 282	529 000	41 282
4000 Kyrkjelydshus	63 995	0	63 995	282 534	-111 000	393 534

## Økonomirapport Aukra Sokn

### 2100 Kyrkjeleg aktivitet utan..

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK
<b>ALLE</b>	<b>33 129</b>	<b>0</b>	<b>33 129</b>	<b>633 603</b>	<b>0</b>	<b>633 603</b>
1000 Administrasjon	-423 556	0	-423 556	-1 675 584	-1 839 000	163 416
2000 Kyrkja, KL §15	246 675	0	246 675	1 366 683	1 343 000	23 683
<b>2100 Kyrkjeleg aktivitet utan kommu...</b>	<b>2 339</b>	<b>0</b>	<b>2 339</b>	<b>89 689</b>	<b>78 000</b>	<b>11 689</b>
30100 Løn i faste stillingar	1 208	0	1 208	247 604	265 000	-17 396
30104 Søn- og helgedagstillegg	0	0	0	3 459	5 000	-1 541
30300 Ekstrahjelp	0	0	0	4 588	0	4 588
30900 Pensjonsutgifter	167	0	167	49 979	42 000	7 979
30902 Gr./ulykkesfors. avg. pliktig	0	0	0	471	0	471
30990 Arbeidsgjevaravgift	146	0	146	32 447	33 000	-553
31000 Kontorutgifter	0	0	0	2 340	5 000	-2 660
31051 Dåpsopplæring/bøker	0	0	0	0	6 000	-6 000
31100 Aktivitetsrelatert Forbruksmat...	1 091	0	1 091	0	5 000	-5 000
31150 Matvarer/bevertning	383	0	383	1 167	5 000	-3 833
31200 Anna forbruksmaterieill	0	0	0	10 268	4 000	6 268
31203 Barne- og ungdomsarbeid	0	0	0	1 824	0	1 824
31300 Post, bank, telefoni og datalinjer	0	0	0	16 110	15 000	1 110
31301 Porto	0	0	0	3 260	0	3 260
31302 Telefon	1 494	0	1 494	3 977	0	3 977
31400 Annonser, reklame, informasjo...	0	0	0	91 115	0	91 115
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	0	0	0	0	3 000	-3 000
31702 Utlegg	0	0	0	271	0	271
31950 Avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0	963	3 000	-2 037
32001 Dataprogram	0	0	0	774	0	774
34290 Mva. generell kompensasjonso...	704	0	704	30 856	10 000	20 856
35001 Forseinkingsrenter	0	0	0	828	0	828
36100 Bet.frå deltakarakar	-750	0	-750	0	-2 000	2 000
36200 Sal av varer og tenester (Innt....	0	0	0	-52 169	0	-52 169
36300 Husleige	0	0	0	-2 500	0	-2 500
37290 Mva på anskaffelsar utg.ført i ...	-704	0	-704	-30 856	-10 000	-20 856
38000 Tilskot frå staten/statlege insti...	0	0	0	-302 000	0	-302 000
38050 Tilskot frå Den Norske Kyrkje	0	0	0	0	-296 000	296 000
38600 Ofringar til eige arbeid	0	0	0	-16 689	-7 000	-9 689
38700 Tilskot/gåver frå andre	-1 400	0	-1 400	-8 400	-8 000	-400
3000 Kyrkjegarden	143 675	0	143 675	570 282	529 000	41 282
4000 Kyrkjelydshus	63 995	0	63 995	282 534	-111 000	393 534

## Økonomirapport Aukra Sokn

### 3000 Kyrkjegarden

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK
<b>ALLE</b>	<b>33 129</b>	<b>0</b>	<b>33 129</b>	<b>633 603</b>	<b>0</b>	<b>633 603</b>
1000 Administrasjon	-423 556	0	-423 556	-1 675 584	-1 839 000	163 416
2000 Kyrkja, KL §15	246 675	0	246 675	1 366 683	1 343 000	23 683
2100 Kyrkjeleg aktivitet utan kommu...	2 339	0	2 339	89 689	78 000	11 689
<b>3000 Kyrkjegarden</b>	<b>143 675</b>	<b>0</b>	<b>143 675</b>	<b>570 282</b>	<b>529 000</b>	<b>41 282</b>
30100 Løn i faste stillingar	69 595	0	69 595	340 150	332 000	8 150
30104 Søn- og helgedagstillegg	2 795	0	2 795	2 621	0	2 621
30200 Vikarløner	1 149	0	1 149	36 114	50 000	-13 886
30300 Ekstrahjelp	6 862	0	6 862	20 235	20 000	235
30400 Overtid	845	0	845	1 718	0	1 718
30900 Pensjonsutgifter	9 621	0	9 621	79 102	64 000	15 102
30902 Gr./ulykkesfors. avg. pliktig	157	0	157	914	0	914
30990 Arbeidsgjevaravgift	9 649	0	9 649	50 971	49 000	1 971
31000 Kontorutgifter	0	0	0	0	4 000	-4 000
31200 Anna forbruksmaterieill	218	0	218	12 336	10 000	2 336
31301 Porto	0	0	0	2 430	0	2 430
31601 Bilgodtgjering	361	0	361	5 173	5 000	173
31701 Drift av egne maskiner	6 241	0	6 241	27 185	25 000	2 185
31702 Utlegg	605	0	605	945	0	945
31850 Forsikringar/Brannvarsling	0	0	0	20 573	9 000	11 573
31950 Avgifter, gebyrer og lisenser	21 144	0	21 144	1 268	15 000	-13 732
31951 Offentlege avgifter - kommuna...	0	0	0	1 747	0	1 747
31953 Kontingent	1 858	0	1 858	1 858	2 000	-142
31955 Purregebyr	0	0	0	402	0	402
32000 Inventar og utstyr	9 099	0	9 099	13 785	8 000	5 785
32001 Dataprogram	0	0	0	2 070	0	2 070
32200 Kjøp/leie/leasing maskine	0	0	0	600	0	600
32300 Vedlikehald og byggtjenester, n...	0	0	0	31 102	10 000	21 102
32400 Service-/driftsavt. og rep.	0	0	0	6 117	3 000	3 117
32500 Materialer til vedlikehald	2 122	0	2 122	2 588	3 000	-412
32700 Konulentenester/kjøpte tenest...	0	0	0	1 260	0	1 260
34290 Mva. generell kompensasjonso...	9 858	0	9 858	25 570	50 000	-24 430
35001 Forselkningsrenter	0	0	0	42	0	42
35900 Avskrivningar	0	0	0	28 125	28 000	125
36301 Festeavgift graver	1 000	0	1 000	-121 500	-80 000	-41 500
37290 Mva på anskaffelsar utg.ført i ...	-9 858	0	-9 858	-25 570	-50 000	24 430
39900 Motpost avskrivningar	0	0	0	0	-28 000	28 000
53214009 Fagforeningskontigent	353	0	353	353	0	353
4000 Kyrkjelydshus	63 995	0	63 995	282 534	-111 000	393 534

## Økonomirapport Aukra Sokn

### 4000 Kyrkjelydshus

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK
<b>ALLE</b>	<b>33 129</b>	<b>0</b>	<b>33 129</b>	<b>633 603</b>	<b>0</b>	<b>633 603</b>
1000 Administrasjon	-423 556	0	-423 556	-1 675 584	-1 839 000	163 416
2000 Kyrkja, KL §15	246 675	0	246 675	1 366 683	1 343 000	23 683
2100 Kyrkjeleg aktivitet utan kommu...	2 339	0	2 339	89 689	78 000	11 689
3000 Kyrkjegarden	143 675	0	143 675	570 282	529 000	41 282
<b>4000 Kyrkjelydshus</b>	<b>63 995</b>	<b>0</b>	<b>63 995</b>	<b>282 534</b>	<b>-111 000</b>	<b>393 534</b>
30100 Løn i faste stillingar	27 935	0	27 935	63 347	64 000	-653
30200 Vikarløner	2 333	0	2 333	13 939	5 000	8 939
30300 Ekstrahjelp	0	0	0	401	0	401
30900 Pensjonsutgifter	4 027	0	4 027	15 724	11 000	4 724
30902 Gr./ulykkesfors. avg. pliktig	30	0	30	183	0	183
30990 Arbeidsgjevaravgift	3 639	0	3 639	9 921	9 000	921
31000 Kontorutgifter	0	0	0	3 396	0	3 396
31100 Aktivitetsrelatert Forbruksmat...	0	0	0	630	0	630
31150 Matvarer/bevertning	5 389	0	5 389	18 756	3 000	15 756
31200 Anna forbruksmateriell	2 741	0	2 741	11 559	3 000	8 559
31702 Utlegg	0	0	0	111	0	111
31800 Straum/energi	16 333	0	16 333	51 520	80 000	-28 480
31850 Forsikringar/Brannvarsling	0	0	0	63 328	25 000	38 328
31950 Avgifter, gebyrer og lisenser	118	0	118	4 817	12 000	-7 183
31951 Offentlege avgifter - kommuna...	7 254	0	7 254	18 451	6 000	12 451
31955 Purregebyr	0	0	0	977	0	977
32000 Inventar og utstyr	1 139	0	1 139	36 018	20 000	16 018
32200 Kjøp/leie/leasing maskine	0	0	0	2 584	3 000	-416
32300 Vedlikehald og byggtjenester, n...	10 573	0	10 573	20 064	10 000	10 064
32400 Service-/driftsavt. og rep.	0	0	0	7 523	30 000	-22 477
32500 Materialer til vedlikehald	0	0	0	0	7 000	-7 000
32600 Reinhold, vaskeri og vaktmest...	0	0	0	320	3 000	-2 680
32650 Vakthold og vektertjenester, al...	11 681	0	11 681	6 580	20 000	-13 420
34290 Mva. generell kompensasjonso...	11 168	0	11 168	41 395	60 000	-18 605
35001 Forseinkingsrenter	0	0	0	23	0	23
35900 Avskrivningar	0	0	0	356 840	357 000	-160
36100 Bet.frå deltakarar	-1 450	0	-1 450	-6 350	0	-6 350
36300 Husleige	-23 100	0	-23 100	-389 200	-400 000	10 800
37290 Mva på anskaffelsar utg.ført i ...	-11 168	0	-11 168	-41 395	-60 000	18 605
38000 Tilskot frå staten/statlege insti...	0	0	0	-9 733	0	-9 733
38600 Ofringar til eige arbeid	0	0	0	-6 310	-15 000	8 690
38650 Ofringar til andre org.	0	0	0	-5 541	0	-5 541
38700 Tilskot/gåver frå andre	-4 647	0	-4 647	-7 345	-7 000	-345
39900 Motpost avskrivningar	0	0	0	0	-357 000	357 000



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 24/24 Personalsituasjonen – evt. samarbeid med Molde kyrkjelege fellesråd**

Personalsituasjonen i Aukra sokn har vore tema i fleire møte etter påske:

- 2. april: Møte i AU saman med domprosten
- 3. april: Møte for kyrkjelege arbeidsgivarar i prostiet, med biskopen og tilsette på bispedømekontoret, domprosten og kyrkjevevjerne i Molde, Hustadvika og Aukra.
- 6. april: Strategidag for Aukra sokne- og fellesråd
- 8. april: Møte mellom kyrkjevevjerje og ass. kyrkjevevjerje i Molde, domprosten, leiar og nestleiar i SFR og fung. kyrkjevevjerje i Aukra.

SFR har det siste året blitt tydelegare på at den vanskelege personalsituasjonen gjer soknet svært sårbart, og at ein ønsker å drøfte eit mogeleg samarbeid med andre fellesråd i prostiet, særleg med Molde som «ressurssenter». Dette var også eit tema i møtet 2. april mellom AU og domprosten.

Kyrkjevevjerja i Molde har invitert til drøftingar om mogeleg samarbeid med andre kommunar i Romsdal. I møtet 2. april konkluderte AU med at ein ikkje ville vente på eit fellesmøte for heile Romsdal, men be om eit snarleg møte med kyrkjevevjerja i Molde. Slikt møte blei gjennomført 8. april. Her blei det skissert nokre idear som kyrkjevevjerja i Molde vil utgreie nærare og vonleg kome med ei tilbakemelding om før møtet i SFR.

Leiar i SFR vil orientere om dette.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 25/24 Beskjering av tre ved kyrkja – utsett sak**

Ein viser til sak 16/24 (vedlagt). Saka blei utsett i møtet 7. mars 2024.

Det blei i saka gjort greie for at fellesrådet har mynde til å gjere vedtak utan nærare godkjenning. Saka var lagt fram med slikt forslag til vedtak:

Aukra SFR vedtek å beskjere det store treet ved kyrkja så mykje at det ikkje utgjer nokon fare for kyrkja, men likevel vil kunne danne ny krone.

AU behandla saka på nytt i møte 02.04.24, og gjorde slikt vedtak:

AU vil be Nils Lykkeslet Sæther eller eit treskjeringsfirma gjere ei vurdering av korleis arbeidet bør gjennomførast før saka leggst fram for SFR.

Det faglege rådet frå gartnar Nils Lykkeslet Sæther er å gjere arbeidet i vår medan sevjen enno stig. Kyrkjegardsarbeidaren har vore i kontakt med eit firma som truleg kan utføre arbeidet, og ønskjer å få det gjort snarast. Samtidig meiner han ein bør vurdere å beskjere eit par andre tre på kyrkjegarden som står på hall.

For ikkje å forseinke saka, vil fung. kyrkjevevje be SFR om fullmakt til å vurdere omfang og metode for arbeidet i samråd med gartnar, kyrkjegardsarbeidar og utførande firma. Det er t.d. påvist råde i den eine (minste) stammen på treet ved kyrkja som gjer at det kan vere aktuelt å fjerne denne heilt.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd gir fung. kyrkjevevje fullmakt til å vurdere omfang og metode for beskjering av treet ved kyrkja i samråd med gartnar, kyrkjegardsarbeidar og utførande firma. Dei har også fullmakt til å vurdere og gjennomføre beskjering av andre tre på kyrkjegarden som står på hall.

Arbeidet bør utførast i løpet av våren 2024.



*Treet og kyrkja sett frå sør*



*Treet har sår etter tidlegare greinfelling.  
Sårrområda er delvis rôtne.*



*Treet i sommarskrud.  
Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen*



*Treet i tidlegare tider. Årstal ukjent.  
Foto: L. Sommer/Romsdalsmuseet*



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 26/24 Endringar i gudstenesteplanen**

Sokneprest Kristian Finn Risung har lagt fram forslag til endringar i gudstenesteplanen for våren og sommaren 2024. Endringane har ulike grunnar som manglande trusopplærar, nye lokale innspel og ferieavvikling som krev koordinering mellom prestane i Aukra og Midsund.

Han føreslår følgjande endringar:

- Gudstenesta 02.06.24 i Aukra kyrkje flyttast til 26.05.24 for å passe for gullkonfirmantane. Tårnagetgudstenesta 02.06.24 går ut.
- Gudstenesta 28.07.24 i Aukra kyrkje blir flytta til 04.08.24 pga. ferieavvikling og vikar.
- Gudstenesta 18.08.24 i Julsundet går ut pga. ferieavvikling og manglande vikar.

Ved soknerådet sitt behandling av gudstenesteplanen i møte 14.12.23 – sak 76-23 – blei det i vedtaket gitt slik fullmakt: «*Soknepresten i samråd med kyrkjevevja kan gjere mindre endringar undervegs dersom situasjonen tilseier det*». Fung. kyrkjevevje vurderer dei aktuelle endringane til å ligge innanfor fullmakta, slik at soknerådet berre treng å ta endringane til vitande.

Revidert gudstenesteplan for 2024 er lagt ved.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra sokneråd tek dei framlagte endringane i gudstenesteplanen til vitande.

**GUDSTENESTEPLAN I AUKRA SOKN 2024 - VERSJON 4 220324**

Veke	Dato	Kyrkjeårsgdag	Aukra		Diverse	Julsundet	Friheilg	Ferleuke
1	01.01.24	Jesu namnedag	14	1				
1	07.01.24	Kristi Openb.					januarfri	
2	14.01.24	2. so. i op.tida	11	1				
3	21.01.24	3. so. i op.tida				11	1	
4	28.01.24	Såmannsøndag	11	1	Bibeldag og utdeling av bibelbok			
5	02.02.24	Kyndelsmesse						
5	04.02.24	Kristi forklaringsdag						
6	06.02.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1	Samfolkets dag	11	1	
6	10.02.24	KONFCUP	09:00-16:00	1	KONFCUP Auk/Mis/San?			
6	11.02.24	Fasteleivnssøndag	11	1				
7	14.02.24	Oskeonsdag	19	1				
7	18.02.24	1. s i fastetida						februarfri
8	25.02.24	2. s i fastetida	11	1				
9	03.03.24	3. s i fastetida				11	1	
10	05.03.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
10	10.03.24	4. s i fastetida						
11	17.03.24	Maria bodø	11	1	Marimess og Fasteaksjon			
12	24.03.24	Palmsøndag						marisfri
13	28.03.24	Stjertorsdag	17 Inst + 19 Ky	2				
13	29.03.24	Langfredag	11	1				
13	30.03.24	Påskentatt	23	1				
13	31.03.24	Påskedag	11	1				
14	01.04.24	2. påskedag			Påsketiden -temakveld I VÅGØY	19	1	
14	02.04.24	KVARDAGSMESSE						
14	07.04.24	2.so i påsketida	11	1	Utdeling av bamesalmebok			
15	14.04.24	3.so i påsketida			KONFIRMANTER TIL BJØRNSUND?			
16	21.04.24	4.so i påsketida						
17	27.04.24	Laurdag KONF	11	1				
17	28.04.24	5.so i påsketida						
18	04.05.24	Laurdag KONF	11	1				
18	05.05.24	6.so i påsketida	11	1				
19	07.05.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
19	09.05.24	Kr.himmelfart (Orten)	11 FELLE	1		11 FELLE		
19	12.05.24	Søndag før pinse						maifri
20	17.05.24	Nasjonaldag	10	1				
20	18.05.24	Pinseaften						
20	19.05.24	Pinседag	11	1				
21	20.05.24	2. pinsedag						
21	26.05.24	Treiningssøndag	11	1	GULLKONFIRMANTAR			
22	02.06.24	2. so i treiningst						aprilfri
23	04.06.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
23	09.06.24	3. so i treiningst						junifri
24	16.06.24	4. so i treiningst	11	1				
25	23.06.24	5. so i treiningst				11	1	
26	24.06.24	St.Hansdag						
26	30.06.24	Aposteldagen - fast	11	1				
27	02.07.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
27	07.07.24	7. so i treiningst				11	1	
28	14.07.24	8. so i treiningst	11	1				
29	21.07.24	9. so i treiningst						juifri
30	28.07.24	10. so i trein.t			Salme og evangelium?			Ferie KFR
31	29.07.24	Orsok						Ferie KFR
31	04.08.24	11. so i trein.t	11	1				Ferie KFR
32	11.08.24	12. so i trein.t						Ferie KFR
33	18.08.24	13. so i trein.t			Salme og evangelium?			Ferie KFR
34	25.08.24	Vingardss (14. sit)	11	1				
35	01.09.24	15. so i trein.t						septemberfri
36	03.09.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
36	08.09.24	16. so i trein.t	11	1				
Konfirmasjonsveekend på Bjørnsund 13-15 september								
37	15.09.24	17. so i trein.t	11	1	BJØRNSUND			
38	22.09.24	18. so i trein.t				11	1	
39	29.09.24	Mikkelsmesse / 19 sit	11	1				
40	01.10.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
40	06.10.24	20. so i trein.t						hastferie
41	13.10.24	21. so i trein.t	11	1		11	1	
42	20.10.24	22. so i trein.t						
43	27.10.24	Bots- og bønédag	11	1				
44	03.11.24	Helgem /Minnedag	19	1				
45	05.11.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
45	10.11.24	25. so i trein.t						novemberfri
45	17.11.24	26. so i trein.t	11	1	4-årsbok			
47	24.11.24	Domss/ Kr.kongedag			Jeg tror på jordens forvandling - temakveld	19	1	
48	01.12.24	1.sj.adventstida	11 + 19	2	Lys våken og Lysmesse			
49	03.12.24	KVARDAGSMESSE	10:30	1				
49	08.12.24	2.sj.adventstida	19	1	Musikkandakt/julekonsert v/kyrkjelyden	15	1	
50	15.12.24	3.sj.adventstida	11	1				
51	19.12.24	Lessons & carols	19	1				
51	22.12.24	4.sj.adventstida						desemberfri
52	24.12.24	Julaften 1.	14:45	1		13	1	
52	24.12.24	Julaften 2.	16	1				
52	25.12.24	Juledag	12	1				
52	26.12.24	2. juledag						
1	31.12.24	Nyårsaften						

**SUMMERING AV FORORDNA GUDSTENESTER OG**

	Aukra			Julsundet	
	Forordn	PI		Forordn	PI
Søn- og helgedag	36 + 4	37	13	10 + 2	11



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 27/24 Strategidagen 06.04.24 – oppsummering og vidare prosess**

Rådsleiar har laga ei oppsummering av strategidagen på Mevoldtunet 06.04.24. Dokumentet følgjer som separat vedlegg til innkallinga.

Arbeidet enda opp med dei tre satsingsområda:

- Informasjon
- Frivilligheit
- Barn og unge

Vidare blei det etablert ulike utval med tilhøyrande leiarar/kontaktpersonar i soknerådet. Desse bør oppnemnst gjennom eit formelt vedtak i rådet. Det blei understreka at sjølv om det blei oppnemnt eit eige underutval med særleg fokus på aktivitet i Julsundet, har alle utvala ansvar for å tenke aktivitet innanfor sitt ansvarsområde i heile kommunen. Det bør vere ein fast post på møta i soknerådet der kontaktpersonane rapporterer kort om aktiviteten i sine utval.

#### **Forslag til vedtak:**

Aukra sokneråd set ned følgjande utval med tilhøyrande leiarar/kontaktpersonar frå soknerådet:

- Trusopplæringsutval – Erlend
- Gudstenesteutval – Edvin Magne
- Diakoniutval – Kari
- Kyrkjemusikkutval – Rune
- Bygg, gravplass – Anne Berit
- Interiør og liturgisk utstyr – Britt Karin
- Frivillig- og rekrutteringsutval – Janne
  - Særleg fokus på aktivitet i Julsundet – Marta Kristin
- Misjonsutval + KN-kontakt – Kari, Anne Berit
- PR-avdeling: Informasjonsutval (kyrkjeblad + digitale flater) – Per Arne (TBC)
- HMS-koordinator – Hans Kristian

Kontaktpersonane har fullmakt til å rekruttere fleire personar inn i sine utval og gjerne utforme forslag til mandat for utvalet som seinare leggest fram for soknerådet til godkjenning.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 28/24 Høyring – Kulturplan for Aukra kommune 2024-2027**

Kommunen har sendt forslag til *Kulturplan for Aukra kommune 2024 – 2027* på høyring med høyringsfrist 21.04.24. Forslaget seier ikkje noko om kyrkja sitt kulturarbeid (gudstenester, konsertar, kyrkjeblad, frivillig arbeid). Kyrkja var heller ikkje nemnt i den førre planen.

På grunn av kort høyringsfrist vil ein tilrå at leiar får fullmakt til å gi høyringsuttale ut frå dei innspel som kjem fram i møtet.

Planforslaget er lagt ved innkallinga som separat vedlegg.

#### **Forslag til vedtak:**

Leiar får fullmakt til å gi høyringsuttale til *Kulturplan for Aukra kommune 2024–2027* ut frå dei innspel som kom fram i møtet.



## **SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

### **Sak 29/24 Referat- og orienteringssaker**

#### **Sak 29/24-1 Fasteaksjonen i Aukra 17. mars 2024 – oppsummering**

Aksjonsleiar Erlend si oppsummering er vedlagt.

#### **Sak 29/24-3 Konserten «Sanger fra vest» i Aukra kyrkje 28.04.24**

Konsertplakaten er vedlagt.

#### **Sak 29/24-4 Julekonsert med SKRUK i Aukra kyrkje 07.12.24**

Dato er avtalt. Nærare informasjon følgjer seinare.

#### **Sak 29/24-5 Høyringsuttale – tilskot til kulturhistorisk viktige kyrkjer**

I møte 07.03.24 – sak 18/24 – fekk AU fullmakt til å gi høyringsuttale. Uttalen er vedlagt.

#### **Sak 29/24-6 Høyringsuttale – revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme**

I møte 07.03.24 – sak 17/24 – fekk AU fullmakt til å gi høyringsuttale. Uttalen er vedlagt.

#### **Sak 29/24-7 Val av ny kommunal representant til Aukra fellesråd**

Særutskrift av kommunen sitt vedtak er vedlagt.

#### **Sak 29/24-8 Referat frå møte i AU 02.04.2024**

# Oppsummering Fasteaksjonen 17. mars 2024

Søndag 17. mars 2024 var det fasteaksjon på Gossen for Aukra Sokn.

Gudstenesta kl. 11:00 vart noko forenkla då Kristian Finn var sjuk, men me fekk gjennomført ei fin stund med mellom anna song, tekstlesing, informasjon om Fasteaksjonen og vist film om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Det var på førehand annonsert på Aukra Kyrkje sine Facebook sider at på søndag skulle konfirmantane gå rundt med bøsser. Det var også på fredag avtalt med 18 husstandar rundt omkring på Gossen (1 pr rode) at dei skulle få ein «Gullbillett» som konfirmantane skulle få om dei kom innom. Gullbillettane vart levert ut laurdags kveld.

18 konfirmantar frå Gossen møtte opp i kyrkja 10:45 og fekk utdelt bøssene, og gjekk i prosesjon fram med bøssene og sette dei i trappa og på alterringen. Konfirmantane frå Julsund-sida går med bøsse saman med konfirmantane frå Vågøy tirsdag 19.03.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi benkeradene, og konfirmantar og forelde møtte opp i KLH. Der var det gitt vidare praktisk informasjon, registrering av bøsser og utdeling av roder. Det var i utgangspunktet tenkt 9 grupper med 2 konfirmantar i kvar gruppe. Men to av gruppene vart på 3 konfirmantar.

Konfirmantane gjekk med bøsser mellom ca 12:00 og 15:00, nokon litt kortare tid og nokon litt lenger. Det er totalt 18 roder definert på Gossen.

12 roder vart gått heilt eller nesten heilt (rode 1, 2, 3, 5, 8, 9, 10, 11, 13, 15, 17 og 18)

3 roder vart gått delvis (rode 7, 12 og 14)

3 roder vart ikkje gått (4, 6, 16).

Det var veldig god innsats av konfirmantane som hadde godt humør og sa at det hadde vore kjekt, og at folk tok dei godt imot. Det var mange som VIPPSA, medan den eldre garde hadde kontantar. Totalt 11 Gullbillettar vart funne, og for kvar Gullbillett konfirmantane kom tilbake med fekk dei ei stor plate mjølkesjokolade i premie. Dette fungerte godt som motivasjon for Konfirmantane, det gjorde det nok litt lettare å gå i fleire hus.

Då konfirmantane kom tilbake var det dekka på i KLH med sjokoladebollar, boksar med brus (Cola og Pepsi MAX), varmt vatn og kakaopulver/pulverkaffi/te. Sjokoladebollar og brus var veldig populært, det gjekk relativt lite av varm drikke.

Då alle var komne tilbake, vart kontantane i bøssene telt opp av Erlend Melby og Rudolf Iversen.

**Totalt kom det inn kontantar for heile 15.472,- kroner**, noko som ein må vere svært bra med tanke på at konfirmantane sa at dei fleste VIPPSA til 2426.

Alt i alt ein vellukka aksjon med godt oppmøte av konfirmantar og foreldre, positive folk i alle ledd, og gjennomført innan kl 16:00.

Faste-aksjon 17. mars 2024

18 konfirmanter gjeldt med kvar si bøsse,  
i grupper frå ca. 12:00-15:00 på Gossen, 18 voder,


12 voder gått så og seie heilo  
3 voder gått delvis  
3 voder ikkje gått


☛ Kontanter tatt opp 17.03.24

Sedler :	13.300,-
Mynter :	2.172,-
<u>Totalt :</u>	<u>15.472,-</u>

— kroner femtentusen firehundreogsyttito /100 —


17.03.24 Kyrkjedyds huset

  
Erlend Melby

  
Rudolf Ivarsen

# SANGER FRA VEST

Sangkveld i  
keltisk tradisjon  
i Aukra kyrkje  
Søndag 28. april  
kl.18.00



Molde domkirkes husorkester  
med forsangere



solist  
Marta B Waske

\*

tekstleser  
Kristin E Ervik

\*

Kollekt

# Kvittering på innsendt svar på Høring - Utkast til forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg

**Saksnummer:** 24/801

**Sak:** Høring - Utkast til forskrift om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirkebygg

**Levert:** 08.04.2024 18:04

**Svarstype:** Med merknader

**Jeg svarte som:** Bruker- og interesseorganisasjon

**Avsender:** Aukra sokne- og fellesråd

**Kontaktperson:** Max Ingar Mørk

**Kontakt e-post:** max.mork@aukra.kommune.no

---

Aukra kyrkjelege fellesråd vil gi følgjande høyringsuttale til utkast til forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg:

1. Aukra kyrkjelege fellesråd helsar ordninga med tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg velkommen. I mange kommunar er det vanskeleg å få løyvd nok pengar til kyrkjevedlikehald, noko som kan føre til forfall og uerstattelege tap av kulturminneverdiar.
2. Det er positivt at programmet legg vekt på kunnskap, kompetanse, oppleving og engasjement. Dette må likevel ikkje ta ein urimeleg del av løyvingane. Førsteprioritet må vere å bruke mest mogeleg av midlane til innsatsområde 1 - Bevaring.
3. Ordninga må ikkje bli ein arena berre for ekspertane og den nasjonale spisskompetansen. Det er like viktig å bygge kompetanse regionalt og lokalt, både m.o.t. planlegging, prosjektgjennomføring og hos fellesråd og driftspersonell som skal følgje opp FDV-planane.
4. Tilskotssatsen for dei minste prosjekta er berre 15 %. Veldig mange prosjekt, særleg på listeførte trekyrkjer, vil hamne i den gruppa. Minstesatsen må truleg hevast til 30 eller 40 % for å bli tilstrekkeleg interessant for kommunane.
5. Det er betryggande at kyrkja er tungt inne i programstyret og prosjektet elles, og at KA sin kyrkjebyggdatabase skal vere «navet» i prosessen. Programstyret er likevel svært topptungt, og ein saknar større innslag av fellesråda som kyrkjeieigarar og forvaltarar av bygga. Dei sit inne med førstehandskunnskap og erfaring som vil vere svært viktig ved den praktiske utforminga og gjennomføringa av tiltaka i innsatsområda.
6. Prosjektet har svært einseitig fokus på istandsetting, sikring og konservering. Kyrkjebygget som trusarena er lite nemnt. Det vil vere naturleg at også kyrkjelydane sine liturgiske og praktiske ønsker og behov blir vurdert i samband med istandsetting og bevaring.



Til Møre bispedømeråd  
[more.bdr@kirken.no](mailto:more.bdr@kirken.no)

## **Høyring – revisjon av prostigrensar i Møre bispedøme**

Vi viser til høyringsbrev frå Møre bispedøme av 12.02.2024 vedr. revisjon av prostigrensar. Saka var lagt fram for Aukra sokne- og fellesråd 07.03.24, som gav arbeidsutvalet fullmakt til å gi uttale.

Arbeidsutvalet vil gi slik uttale til spørsmåla i høyringsbrevet:

### **1. Val av modell/alternativ til inndelinga i dag**

Prostia er først og fremst eit trinn i «embetslina» og har ingen formelle organ i rådslina. I utgangspunktet vil prostiinndelinga derfor først og fremst gjelde prestenesta. Høyringsnotatet frå arbeidsgruppa legg da også hovudvekta på dette aspektet. Men prestane si tilknytning til prostiet vil indirekte også påverke arbeidet i dei kyrkjelege fellesråda og dei fellesrådstilsette. Reformene etter at statskyrkja blei folkekyrkje i 2017 legg i større grad vekt på prosten sitt ansvar og tilsyn ikkje berre med prestane, men også med dei lokale vigsla stillingane og med kyrkjelydane. På fleire område ser vi ei utvikling i retning av å etablere meir samarbeid innan prostia, og Kyrkjeordninga § 8 nr. 4 gir jamvel høve til å etablere kyrkjelege fellesråd som omfattar fleire kommunar innan eit prosti.

Ein refleksjon i denne samanheng er at det er vanskeleg å vurdere prostistrukturen før den framtidige prosterolla er avklara i samband med ny kyrkjeleg organisering. Spørsmålet her er i kva grad prostane skal involverast i den daglege leiinga av sokna saman med kyrkjeverjene. Dersom prostane skal vere «tett på», kan det vere eit argument for mindre prosti. På den andre sida kan framtidige effektivitetsomsyn tale for at ein ikkje bind opp for mykje av presteressursane til prostestillingar.

Ingen av dei seks framlagte alternativa endrar på Aukra sokn si tilknytning til Molde domprosti. Indirekte kan soknet likevel bli påverka ved ei eventuell endring av domprostiet. Det er dette aspektet vi legg vekt på i vår uttale.

Når det gjeld indre Romsdal prosti vil vi tilrå at ei eventuell endring må skje ved ei samanslåing med domprostiet og ikkje ved å opprette eit nytt prosti på begge sider av Ørskogfjellet. Det er fleire grunnar til dette:

- Romsdal fogderi var eitt prosti fram til 1862 da det blei delt i Indre og Ytre Romsdal prosti. Det er likevel ein høgst levande «romsdalsidentitet» på tvers av prostigrensene.
- Folkekyrkja bør ha ein organisasjon som mest mogeleg avspeglar sivilsamfunnet for å skape effektive og «forståelege» administrative einingar. Fylkeskommunale utgreingar viser at Romsdal – med Molde som regionsenter – er den «nærregionen» som heng best saman i heile fylket. Det gjeld på viktige område som kommunikasjonar, felles bu- og arbeidsmarknad, handel, idrett og kultur, vidaregåande skolar, interkommunalt samarbeid og statlege institusjonar.

- Fylkesstatistikken viser at det er betydeleg pendling mellom kommunane i Romsdal. Det er også ein del pendling mellom Vestnes og Ålesund, men svært lite mellom Rauma/Vestnes og indre delar av Storfjord. Storfjorden er retta mot Ålesund som regionsenter.
- Kyrkja og fellestråda har allereie eit godt etablert samarbeid innan romsdalsregionen når det gjeld ulike kurs og samlingar, administrativ og fagleg utveksling, kultur og kyrkjemusikk.
- Kyrkjevevja i Molde har, etter førespurnad frå fellestråd i domprostiet og Indre Romsdal prosti, teke initiativ til samtalar om mogeleg samarbeid. Det kan gjelde på ulike nivå, alt frå einskildtenester eller avtalar om utføring av bestemte oppgåver, til funksjon som vertskapsfellestråd eller felles fellestråd for fleire kommunar.

## 2. Namn på prosti – modell 2 og 3

- **Namn ved val av modell 2:** Indre Romsdal prosti vil vere lite dekkande, men vi har elles inga meining om dette.
- **Namn ved val av modell 3:** Namn som Romsdal domprostie og Veøy domprostie har vore nemnt, men innarbeidd praksis tilseier at domprostia har namn etter prostesetet, altså Molde domprostie.

## 3. Eventuell flytting av prostesetet til Vestnes ved val av modell 2

Som svara ovanfor viser går vi ikkje inn for modell 2, og vil derfor heller ikkje meine noko om eventuell flytting av prostesetet.

## 4. Andre kommentarar

Arbeidsgruppa brukar høgt folketal og lange reisevegar som argument mot eit samla prostie i Romsdal. Gruppa peiker sjølv på at dette kan avhjelpast med meir administrativ hjelp for prostien. Vi vil også peike på moglegheita av å ha ein assisterande prost på Åndalsnes. I det daglege kan denne ha særleg ansvar for indre delar av prostiet (Rauma og Vestnes), men også tre inn som prost når domprostien fungerer som biskop eller av andre grunnar er ute av teneste.

**Aukra 5. april 2024**

Erlend Melby (s)  
Leiar i Aukra sokne- og fellestråd

Max Ingar Mørk (s)  
Fung. kyrkjevevje



## Særutskrift

Arkivsak-dok. 22/01359-175  
Saksbehandlar Martina Susanne Böttcher

## Særutskrift - Val av nytt representant til Aukra menigheitsråd for perioden 2023-2027

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valnemnda	22.01.2024	PS-2/24
2 Kommunestyret	01.02.2024	PS-3/24

### Valnemnda har behandlet saken i møte 22.01.2024 sak PS-2/24

#### Møtebehandling

Valnemnda sette fram følgjande forslag:

- Representant: Berit Cesilie Huse (AP) rykker opp frå vara til fast representant
- Ny vararepresentant: Odd Jørgen Nilssen (H)

#### Votering

Forslaget frå valnemnda vart samrøystes vedtatt.

#### Valnemndas innstilling

Kommunestyret vel følgjande person til kommunen sin representant til Aukra menigheitsråd:

- Representant: Berit Cesilie Huse (AP) rykker opp frå vara til fast representant
- Ny vararepresentant: Odd Jørgen Nilssen (H)

---

### Kommunestyret har behandlet saken i møte 01.02.2024 sak PS-3/24

#### Møtebehandling

Innstillinga frå valnemnda

#### Votering

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedtatt.

## **Kommunestyrets vedtak**

Kommunestyret vel følgjande person til kommunen sin representant til Aukra menigheitsråd:

- Representant: Berit Cesilie Huse (AP) rykker opp frå vara til fast representant
  - Ny vararepresentant: Odd Jørgen Nilssen (H)
-



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976 997 654

### MØTEREFERAT

**Utval:** AU i Aukra SFR  
**Møtedato:** 2. april 2024  
**Møtetid:** 18.05 – 20.25  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Desse møtte:** Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung

**Sekretær:** Max Ingar Mørk

**Elles møtte:** Domprost Grethe Lystad Johnsen under AU-sak 25/24

Møtet blei leia av Erlend Melby.

#### Desse sakene blei behandla:

#### **AU-sak 25/24 Status for kyrkjelydsarbeidet, drøfting av personellsituasjonen og prosessen vidare**

Domprost Grethe Lystad Johnsen var invitert til å delta under denne saka.

Leiar orienterte om kyrkjelydsarbeidet og personellsituasjonen. AU drøfta deretter den vidare prosessen saman med domprosten. Situasjonen illustrerer kor sårbar ein er i eit lite sokn med få og ikkje fulle stillingar. Etter at det nye fellestrådet kom i funksjon hausten 2023, har det stadig tydelegare sett behovet for samarbeid over kommunegrensene.

Kyrkjevevja i Molde har invitert til drøftingar om mogeleg samarbeid med andre kommunar i Romsdal. AU konkluderte med at ein ikkje ville vente på eit fellesmøte for heile Romsdal, men be om eit snarleg møte med kyrkjevevja i Molde der også domprosten deltek. Alternative datoar for eit slikt møte blei klarerte.

#### **AU-sak 26/24 Planlegging av strategidagen på Mevoldtunet laurdag 6. april**

Leiar hadde fått melding om at det oppsette starttidspunktet kl. 09.00 passa dårleg med ferjeruta på laurdagar. Etter litt drøfting blei AU einig om å utsette starten til kl. 09.35, slik at deltakarane frå Gossen kan ta ferja frå Aukra kl. 09.15. Ein vil likevel avslutte kl. 15.00. Fung. kyrkjevevje sender ut melding om dette.

Marta Kristin tok på seg å kjøpe inn koppar og fat (papp) og pausemat.

Fung kyrkjevevje spør Anne Berit om å bestille lunsj frå Sjøpølsa. Ho bestemmer menyen.

#### **AU-sak 27/24 Høyring – revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme**

SFR hadde i møte 07.03.24 – sak 17/24 – gitt AU fekk fullmakt til å gi høyringsuttale. Leiar meinte vi måtte svare meir spesifikt på dei 4 spørsmåla i saka. Fung. kyrkjevevje sender ut revidert forslag til uttale som AU kan kommentere. Høyringsfristen er 12. 04.24.

#### **AU-sak 28/24 Høyring - utkast til forskrift om tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg**

SFR hadde i møte 07.03.24 – sak 18/24 – gitt AU fekk fullmakt til å gi høyringsuttale. Fung. kyrkjevevje sender ut forslag til uttale som AU kan kommentere. Høyringsfristen er 08.04.24.

**AU-sak 29/24 Førespurnad frå Christian Stejskal om multimedia-førestillinga  
Markusevangeliet i Aukra kyrkje**

**Vedtak:** AU ønskjer ikkje å nytte tilbodet om denne førestillinga i Aukra kyrkje. Fung. kyrkjeverje informerer Stejskal om dette.

**AU-sak 30/24 Delegasjonsreglement for Aukra SFR**

Saka blei utsett på møtet 07.03. Hans Kristian tok på seg å legge fram forslag til eit tilleggspunkt om HMS. Saka takast opp att på neste møte supplert med tilleggfsforlaget.

**AU-sak 31/24 Beskjering av tre ved kyrkja.**

Saka blei utsett på møtet 07.03.24. AU vil be Nils Lykkeslet Sæther eller eit treskjeringsfirma gjere ei vurdering av korleis arbeidet bør gjennomførast før saka leggst fram for SFR.

**AU-sak 32/24 Årsmelding 2023**

I årshjulet er behandling av årsmelding sett opp på møtet i april, men det manglar førebels fleire bidrag frå staben.

**Vedtak:** Saka utsettast til møtet i mai.

**AU-sak 33/24 Rekneskapsrapport pr. 31.03.24**

Rekneskapsrapport for første kvartal 2024 leggst fram som sak på neste møte.

**AU-sak 34/24 Høyring – Kulturplan for Aukra kommune 2024-2027**

Høyringsdokumentet frå kommunen seier ikkje noko om kyrkja sitt kulturarbeid (gudstenester, konsertar, frivillig arbeid). Kyrkja var heller ikkje nemnt i den førre planen. Leiar vil sjå nærare på planutkastet og kome med forslag til kommentarar innan høyringsfristen 21. april.

**AU-sak 35/24 Brannøving**

I årshjulet er det lagt inn brannøving for tilsette og frivillige i april. Fung. kyrkjeverje følgjer opp dette.

**AU-sak 36/24 Endringar i gudstenesteplanen**

Det er gjort nokre endringar i gudstenesteplanen, dels pga. manglande trusopplærar, dels pga. nye lokale innspel og dels pga. ferieavvikling som krev koordinering mellom prestane i Aukra og Midsund. Revidert plan leggst fram som referatsak i neste SFR-møte.

**AU-sak 37/24 Fasteaksjonen i Aukra 17. mars 2024 – oppsummering**

Soknerådsléiar organiserte aksjonen og har skrivt ein oppsummerande rapport som leggst fram for SFR som referatsak.

**AU-sak 38/24 Konserten «Sanger fra vest» med Husorkesteret i Domkyrkja i Aukra kyrkje  
søndag 28. april 2024**

Leggst fram som informasjon/referatsak for SFR.

**AU-sak 39/24 Julekonsert med SKRUK i Aukra kyrkje laurdag 7. desember 2024**

Leggst fram som informasjon/referatsak for SFR.


Aukra 02.04.2024

Erlend Melby

Leiar (sign)

Max Ingar Mørk

Sekretær/referent



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 468 40 719  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no  
Org.nr.: 976997654

**SAKSUTGREIING**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 18. april 2024  
**Møtetid:** 18.05  
**Møtestad:** Møterommet på Kyrkjelydshuset

**Sak 30/24** Eventuelt